



HVL - Campus Sogndal

Eit samarbeidsprosjekt med Hardanger/Voss regionen

- Kompetanseløftet -
Spesialpedagogikk og inkluderande
praksis i barnehage og skule. «Laget
rundt barnet»

Rapport 1: Kartlegging av kompetanse og kompetansebehov Hardanger/Voss regionen. Analyse fase ein.

Rapport 1: Samla tendensar og hovudfunn i ei første analyse basert på data på kommunenivå og regionsnivå (jfr. vedlegg). Rapport 2 vil være basert på eit breiare filtreringsgrunnlag for resultat/analyse og framovermelding til regionen. Rapport 2 er forventa ferdigstilt medio juni 2022.

Ressurspersonar Kompetanseløftet Hardanger/Voss regionen:

Prosjektansvarlege:

Eva Karin H. Wiberg. Regionskoordinator

Frode Monsen. Leiar

Styringsgruppa består av:

Frode Monsen. Kommunalsjef Voss

Astrid-Anett Steine. Kommunalsjef Kvam

Morten Vevatne. Kommunalsjef Ullensvang

Anne Istad. Kommunalsjef Eidfjord

Rigmor Hansen. Kommunalsjef Ulvik

Arbeidsgruppa består av:

Eva Karin H. Wiberg. Regionskoordinator Ullensvang

Frode Monsen. Kommunalsjef Voss

Gunvor F. Ulltang. Leiar PPT Kvam

Hilde Anette Oksavik Bu. Skule Eidfjord

Sonja Haugland. Barnehage Ulvik

Prosjektdeltakarar Høgskulen på Vestlandet:

Drøftings- og prosesspartnerar med Hardanger/Voss Kompetanseregionen:

Merete Nornes-Nymark, Høgskulelektor pedagogikk og spesialpedagogikk ved barnehagelærerutdanninga (BLU). Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI), Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag (IPRS).

Marit Irene Uglum, Høgskulelektor pedagogikk ved Praktisk pedagogisk utdanning (PPU) og grunnskulelærerutdanninga (GLU). Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI), Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag (IPRS).

SurveyXact partner: Dag Ove Vareberg. Eining for regional utvikling Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI).

Rapport 1

Meld. St. 6. (2019 – 2020) Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO legg vekt på utvikling av kompetansebygging og samarbeid mellom ulike aktørar i kommunane/regionane; «Laget rundt barnet». Med bakgrunn i denne stortingsmeldinga, og i samarbeid med arbeidsgruppa vi gjort ei kartlegging av kompetansen og behova i Hardanger/Voss regionen.

Til undersøkinga er det digitale verktøyet SurveyXact teke i bruk.

I undersøkinga er det gjort avgrensingar i høve tal informantar og utval.

Utvalet består av representantar frå alle kommunar i Hardanger/Voss regionen, både barnehage, skule og PPT i kvar kommune; Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss.

Totalt 78 respondentar.

Oversikt respondentgrupper i regionen:

Barnehage: 24

PPT kontakt barnehage: 6

Skule 4. trinn: 15

PPT kontakt skule 4. trinn: 9

Skule 9. trinn: 16

PPT kontakt skule 9.trinn

Funna frå undersøkinga vil med dette avgrensa utvalet ikkje gje oss eit fullstendig bilete av kompetanse og behov i regionen, og kan såleis ikkje generaliserast. Dette gir oss eit oversiktsbilete over kompetanse og kompetansebehov.

Vidare vil særskilde tendensar og hovudfunn bli presentert utifrå ei samla analyse på regionsnivå basert på undersøkinga på kommunenivå.

Presentasjon av tendensar og hovudfunn i høve kompetanse og kompetansebehov knytt til spesialpedagogikk og inkluderande praksis i skule, barnehage og PPT; «Laget rundt barnet» i Hardanger/Voss regionen etter gjennomført spørjeundersøking i SurveyXact:

Kompetanse

Når det gjeld kompetanse, rapporterer 68% av dei spurde at dei ikkje har formell kompetanse innan spesialpedagogikk og 21% har master i spesialpedagogikk. Behovet for å styrke den formelle kompetansen ser ut til å være stort i regionen.

Fleirtalet rapporterer at dei i verken stor eller liten grad har kompetanse til å avdekke om barna/elevane har vanskar innan autismespekteret, vanskar innan utviklingsmessige språkforstyrning, risiko for matematikkvanskar også konsentrasjonsvanskar, ADHD og åtferdsproblem. Dei same tendensane finn vi i høve å ha verktøy for å hjelpe barna/elear med dei same vanskane. Når det gjeld konsentrasjonsvanskar, ADHD og åtferdsproblem er det mange som meiner at dei ikkje har gode nok/nok verktøy for å hjelpe barnet/elevane. Det er flest respondentar som rapporterer at dei har god kompetanse for å avdekke og at dei har mykje verktøy for å hjelpe elevar/barn som har eller er i risiko for lese- og skrivevanskar.

Svært mange rapporterer at dei opplever at organisasjonen, samla har ein heilskapleg kompetanse til å avdekke dei nemne vanskane, også at organisasjonen har gode verktøy. Dette syner at individuelt kan ein kjenne på behov for meir kompetanse og verktøy, men på same tid ha tillit til kompetansen i organisasjonen.

Rutinar

Når det gjeld ulike rutinar, er det nokre rutinar som er interessante å tekke fram. 97% kjenner til rutinane til skulen/barnehagen for melding av spesialpedagogiske behov, noko færre, 85% kjenner til skulen/barnehagen sine prosedyrar for oppfølging av barn/elear med særskilde behov, og kun 65% av respondentane kjenner til PPT sine prosedyrar for oppfølging av desse borna.



Det interessante her er at sjølv om 97% kjenner rutinane for melding på skulen/barnehagen, er det dei fleste som synast at rutinane er ganske gode, 8% at dei er mindre gode, ein del som synast dei er gode og kun 11% som synast rutinane er sær gode. Dei same tendensane ser vi når det gjeld PPT sine prosedyrar for oppfølging. Langt fleire, 69% synast at skulen/barnehagen sine prosedyrar for oppfølging er gode og sær gode.

Tiltak

Svært mange vurderer at skulen/barnehagen arbeider ganske godt, godt og 11% sær godt med tiltak før tilmelding til PPT. Om lag 25% rapporterer at dei organiserer spesialpedagogiske tiltak som ein-til-ein oppfølging på grupperom, og 35% at dette vert gjort i liten eller sær liten grad. På skulane rapporterer dei fleste at spesialpedagogiske tiltak vert gjennomført med to-lærer system i klasserom, medan kun 30% rapporterer at dei organiserer spesialpedagogiske tiltak som fellesaktivitet med heile barnegruppa i barnehagane. Mange, 61% rapporterer at dei organiserer tiltak i mindre grupper med same problematikk og nivå, og 15% gjennomfører ikkje tiltak i mindre grupper. Over halvparten rapporterer at dei ikkje har ein praksis for tilfeldige grupper med ulik problematikk.

Svært få rapporterer at dei organiserer spesialpedagogiske tiltak i heimen til barnet/eleven, eller på andre alternative arenaer.

Inkludering og medverknad

Over halvparten rapporterer at dei har stor og svært stor erfaring med å arbeide med ein inkluderande praksis. På same tid er det 11% som ikkje arbeider for ein inkluderande praksis på sin noverande arbeidsplass. Dette er kanskje eit funn å dvele ved?

Vidare finn vi at mange rapporterer at dei legg til rette for barnet/eleven si medverknad i utforming av spesialpedagogiske tiltak, også når det gjeld å legge til rette for meistring, at dei vektlegg til rette legging av inkluderande praksis for alle i klassen/barnegruppa, at alle skal kjenna seg inkludert i gruppa, at det faglege vert vektlagt og at ein arbeider for å fremje sosial kompetanse for alle. På same tid finn me at 4% ikkje vektlegg arbeid med sosial kompetanse med alle barn, 2% vektlegg ikkje den faglege tilrettelegginga, 2% meiner at organisasjonen ikkje legg til rette for inkludering av alle og ein inkluderande praksis.

Svært få, men likevel, 2% rapporterer at dei ikkje legg til rette for barnet/eleven si meistring og 11 % rapporterer at dei ikkje legg til rette for barnet/eleven sin medverknad i utforming og gjennomføring av spesialpedagogiske tiltak.

Spesialpedagogisk nivå og perspektiv

Svært mange rapporterer at dei opplever at skulen/barnehagen og PPT ivareteke samanhengen mellom det spesialpedagogiske og det allmennpedagogiske perspektivet, kun 5% meiner at dette vert ivareteke i liten grad. 16% meiner dei treng meir kompetanse for å få til ein inkluderande praksis, og nokre, 9% meiner at samarbeidskulturen/støtte frå laget rundt barnet er den største utfordringa for å få dette til. På same tid er det svært mange som peikar på at samarbeidet mellom det ordinære og det spesialpedagogiske tilbodet er godt og svært godt, medan 6% meiner dette er mindre godt.

Svært mange, 42% trekk fram at innsatsen framover må prioriterast på eit universelt nivå, for å styrke ein inkluderande praksis. Vidare finn vi at andre 42% rapporterer at dei meiner det selekterte tiltaksnivået må prioriterast og styrkast, medan 16 % meiner at det er på det indikerte nivået at innsatsen må styrkast for å bli betre på ein inkluderande praksis.

Samarbeid

Når det gjeld å sjå på kvarandre sine styrkar, kompetansar osv. for dei ulike aktørane i «laget rundt barnet», og nytten av kvarandre er det dei fleste som rapporterer at dei opplever nytte av å samarbeide med PPT, barnevernet, helsesjukepleiar ved skulehelsetenesta/helsestasjonen og internt ved eigen skule/barnehage som ganske god, god og særst god. Dei fleste trekk desse samarbeida fram som gode. På same tid finn vi at i høve alle desse samarbeidsarenaene er det nokre som rapporterer at nytten av samarbeidet er mindre godt, og nokre få rapporterer at nytten av samarbeidet med PPT og barnevern er særst lite gode.

Kort oppsummering

Ein del likskapstrekk og nokre tendensar finn vi i denne første analysen på regionsnivå. Desse funna er presentert over. Vidare er alle tabellar som denne analysen baserer seg på lagt som eige vedlegg, då som samla materiale frå regionen og frå kvar kommune. Det kan være interessant for den enkelte kommune å sjå nøyare på materialet for sin kommune.

Generelt kan vi seie at respondentane i regionen viser at det er behov for meir kompetanse og kunnskap for å nå målet om tidleg innsats og ein inkluderande praksis når det gjeld spesialpedagogisk tilrettelegging i barnehage og skule slik Meld. St. 6. (2019 – 2020) Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO legg føringar for. I den vidare filtreringa som vert gjort vil vi finne fleire variablar og samanlikningsgrunnlag for dei ulike organisasjonsnivåa i regionen; skule 4. trinn, skule 9.trinn, barnehage og PPT kontaktar barnehage, skule 4.trinn og 9. trinn. På bakgrunn av vidare filtrering vil den vidare analysen danne grunnlag for rapport 2.

I rapport 2 vil vi i tillegg til å presentere ei grundigare analyse også trekke inn aktuelle og moglege kompetansehevingstrategiar for å at «Laget rundt barnet» skal bli styrka, og då særleg med ei vektlegging av samla kompetanse og bruk av kompetanse på organisasjonsnivå i regionen og kva regionen treng av kompetanse. Det kan være aktuelt å trekke inn tiltak og behov som er særskild for ein skilde kommunar, dersom styrings- og arbeidsgruppa i Hardanger/Voss regionen ynskjer dette.

Sogndal 5.mai 2022

Merete Nornes-Nymark

Marit Irene Uglum